



Laussal: 50 kr

Åreblad



www.vfkl.no Vestlandsk kystkultur — organ for Vestland Fylkeskystlag Okt. 2020 - 27. årg.



Kontaktinfo	2	Soga om M/K <i>Sjøgutt</i>	20-22
Leiaren har (r)ordet	3	Båtdåp i Kaupanger	23
Ny pir på Vinnesholmen	4	Ny vind i seilene i Bergen Kystlag	24-26
Boknytt: <i>Aldri gi opp</i>	5	Gavlabåten <i>Johannes</i>	26-27
Om Oselvarens lette, mjuke skrog	6-8	DEN STORE ROEN 2020	28-30
Seil og smie i fokus i Sandviken	9	Båtdåp for nybygg og Camp Oselvar	31
Romsamarknaden	10-11	Sunnivaseglasen 2020	32-33
Fylkeskystlaget søker arrangører	11	Tysnes Kystlag byggjer grindnaust	34
Familedag i Keipane Kystlag	12-13	Samling av kystfolket i Vestland?	35
Årer for Austevoll	14-17	Kveldskurs i båtvøling	35
Skrotnissane i Opsangervågen	18-19	Seminar om rekruttering	36

Kontaktinfo

Vestland Fylkeskystlag

www.vfkl.no

Leiar: Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144 johnson@lysglimt.no

Askøy Kystlag

v/Atle Grindheim
Askvegen 567, 5307 Askøy
924 20 912, leder@askoykystlag.no

Austevoll Kyst- og Sogelag

v/Thomas Johnson
Birkelandsvegen 142, 5392 Storebø
959 13 144, johnson@lysglimt.net

Austevoll Seilforening

v/Andreas Iversen
Postboks 9, 5392 Storebø
90 04 01 57, andreas@aiversen.no

Bergen Kystlag

v/Torleif Sørli
Elsesro 55, 5042 Bergen
901 88 878,
bergen.kystlag@gmail.com

Bergens Sjøfartsmuseum

www.bsj.uib.no
Postboks 7800, 5020 Bergen
55 54 96 00,
post@sjofartsmuseum.no

Bømlo Kystlag

v/Magnar Skålevik
Ramsbakkane 1, 5420 Rubbestadneset
91574667,
magnar.skalevik@haugnett.no

Båtlaget Njord/Tysnes

www.sigling.no
v/Einar Aslaksen
Njordstø, Postboks 38, 5696 Tysnes
94 26 48 52,
enar.aslaksen@haugnett.no

Fanaffjorden Tradisjonssegling

v/Kjell Magnus Økland
Petedalsheia 77, 5254 Sandsli
950 46 739, kjellmag@gmail.com

Fjell Kystlag

v/Rolf Henriksen
Pb 38, 5346 Straume
915 20 906, rolf.bero@gmail.com

Foreininga Kystordverket

www.kystordverket.no
v/Gunnar Bjørknes
91 77 97 55
post@kystordverket.no

Hardanger Fartøyvernssenter

www.fartoyvern.no
Postboks 53, 5601 Norheimsund
47 47 98 39
fartoyvern@hvm.museum.no

Hardangerfjorden Kystlag

v/ Geirmund Storaas
Pb 45, 5600 Norheimsund
414 42 795, info@trebaat.no

Hope Trebåtlag

v/Leiv Terje Sangolt
Pb 85, 5382 Skogsvåg
454 26 736, lsangolt@gmail.com

Hordamuseet

<http://www.bymuseet.no/vaare-museer/hordamuseet/>
Hordnesvegen 24, 5244 Fana
479 79 580
hordamuseet@bymuseet.no

Holsnøy Kystlag

v/Jegvan Kaarbo
Skjelangerveien 661, 5917 Rossland
911 48 103,
jegvan.kaarbo@gmail.com
holsnøykystlag@yahoo.no

Keipane Kystlag

v/Evy Bjørvik Dame
Ytrebygdsveien 129, 5251 Søreidgrend
97423267, Evy.Dame@vlfk.no

Kvinnherad Kystlag

v/Leif Jarle Kallestad
Bjørkhaugvegen 17, 5450 Sunde
93201813,
post@kvinnherad-kystlag.no

Kystlaget Romsa

v/Terje Lunde
Pb. 23, 5582 Ølensvåg
982 86812, post@kystlaget.romsa.no

Kystmuseet i Øygarden

www.kystmuseum.museumvest.no
Museumsvegen 9, 5337 Rong
53 00 61 40
kystmuseet@museumvest.no

Stiftinga Kystkultur.no!

www.kystkultur.no
v/Kjell Magnus Økland
Sandslihaugen 30
Postboks 7900, 5020 Bergen
950 46 739, post@kystkultur.no

Milde Båtlag

www.mildebatlag.org
v/Geir Lasse Taranger
Skipanesvegen 12, 5259 Hjellestad
90 11 15 96, styret@mildebatlag.org

Norges Fiskerimuseum

www.fiskerimuseum.museumvest.no
Sandviksboder 23, 5035 Bergen
53 00 61 60
fiskeri@museumvest.no

Opsangervågen Kystlag

v/Edvin Hammerø
Sundsvegen 10, 5450 Sunde
950 36 557, ehammero@online.no

Oselvarverkstaden

www.oselvarverkstaden.no
v/Vidar Langeland
Hamnevegen 41
905 56 285
vidar@oselvarverkstaden.no

Oselvarklubben

www.oselvarklubben.no
v/Finn Totland
Edvard Griegsvei 12, 5059 Bergen
93 89 22 73,
finn.totland@gmail.com

Oselvarlaget på Os

v/Egil Rundhovde
Kleivane 1, 5200 Os
97960884, timberdal@me.com

Sagvågen Kystlag

v/Terje Lamo
Pb 147, 5408 Sagvåg
905 66 101, tl@tlamo.no

Sandviken Kystlag

Aina C. Matre
Sandviksboder 15-17, 5035 Bergen
99 56 73 35
aina.matre@museumvest.no

Seilmaker Iversen

www.seilmakeren.no
Mjåtveitflaten 31, 5918 Frekhaug
55 55 74 58,
produksjon@seilmakeren.no

Sund Kystlag

v/Johannes Lidal,
Pb. 119, 5373 Klokkearvik
982 23 733
johanneslidal82@gmail.com

Sveio Kystlag

v/Terje Lier
Strømøyveien 71, 5554 Valevåg
908 37 477
terje.lier@norseagroup.com

Torgdagen i Bergen

www.torgdagenibergen.no
v/Anita Heggholmen
Postboks 315, 5343 Straume
92 66 34 72
post@torgdagenibergen.no

Tysnes Kystlag

v/Oddvar Meland
5693 Årbakka
907 92 547
tysnes.kystlag@gmail.com

Vinnesholmen Kystlag

v/Roger Hoel,
Vinnesvegen 518, 5641 Fusa
900 93 249
vinnesholmen@fusi.no

Thomas Johnson likar seg
om bord i færingen sin.
Foto: Roy A Nilsen

Leiaren har (r)ordet

**Lokallag i Sogn og Fjordane
tilknytt VFKL i Åreblad-
samarbeid:**

Indre Sogn Kystlag
v/Marny Tønnessen
Pb. 62, 6851 Sogndal - 970 30 828
isk@norveg-sognefjord.no

Hornelen Kystlag
v/Sigmund Larsen, Lefdal,
6776 Kjølisdalen
57 86 39 72 - siglarse@online.no

Nordfjordbåtlaget
v/Lars Bjarte Osland, 990 03 077
og
Svein Ove Ask, 987 63 188
Gloppestad, 6823 Sandane
uredd@online.no

**Meld adresseendringar til:
Forbundet KYSTEN,**
Øvre Slottsgate 2b, 0157 Oslo
forbundet@kysten.no
Tlf. 22 42 42 82

*«Vi har ambisjonar om
å få Vestland fylkes-
kystlag til å bli meir
enn berre ei namne-
endring.»*



Bladet du les no er historisk. Det er den første utgåva av medlemsbladet Åreblad for Vestland fylkeskystlag. Førebels er endringa frå Hordaland til Vestland fylkeskystlag eit byggeprosjekt. Men grunnarbeidet er gjort. Namneendringa vart vedteken på årsmøtet 2020 og er registrert i Brønnøysundregisteret. Styret har kontakta alle kystlag i det nye fylket med invitasjon om å melde seg inn i fylkeskystlaget. Haustutgåva av Årebladet 2019 følgde med invitasjonen. Styret har òg teke kontakt med lag som vi meiner høyrer naturleg til i kystlagsfamilien, men som ikkje er organiserte som kystlag i dag — sjå meir om dette på s 35. Dette skal me følgja vidare opp for vi har ambisjonar om å få Vestland fylkeskystlag til å vera meir enn berre ei namneendring. Saman er me sterkare. Vi vonar at lag frå Sogn- og Fjordane vil vera med på å levera innhald til neste utgåva av Årebladet. Invitasjonen er hermed sendt ut og me voner på positiv respons.

På årsmøtet lanserte styret tanken på at denne utgåva av Årebladet skulle vera eit temanummer om samarbeid. Kystlaga må sjå lengre enn til næraste båtnaust for å finna nye medlemmar. Ved å dela på dei gode måtane laga samarbeider med andre på, kan vi gjera oss både synlege og interessante for fleire og nye grupper. Ideen er god, men så kasta Covid19 seg over oss og brått vart samarbeid vanskeleg. Vi skal jo halde oss langt borte frå andre. Dette vil gå over etterkvart, men inntil vidare er samarbeidstemaet noko for framtida.

Covid19 har òg skapt problem for mange ting vi hadde lagt planar for og gleda oss til. Landsstemnet i Bergen måtte kansellerast og alle kystlaga hadde større og mindre arrangement som med eitt vart vanskelege å gjennomføra. Sjølv om mange gode arrangement måtte leggjast på is i år, er ikkje alt fåfengd. Sei heller at arrangementa er ferdig planlagde til seinare bruk.

Til trass for vanskaner, har mykje godt arbeid vert mogleg å gjennomføra i kystlaga. Mellom anna greidde Bergen kystlag å hauste opp ein alternativ plan for DEN STORE ROEN som blei eit høgdepunkt for mange av oss i år. Årets utgåva av arrangementet samla fleire deltakarar enn nokosinne! Det må vera ei bra attest både for dei som sydde turen saman i år og for konseptet: aukande interesse kvart år, sjølv når pandemi gjer det vanskeleg!

Hald fram med å planleggje! Det kjem nye høve til å løfte fram dei gode kystopplevingane – og dei skal vi vera klare til ta vare på!

Thomas Johnson
Leiar, Vestland fylkeskystlag

2020 vart svært annleis enn planlagt grunna det smittsame Koronaviruset. Enda kan me rekna med at det vil påverka kvardagen vår gjennom vinteren og truleg store delar av 2021. Me er såleis inne i ei tid der det vante må vika. Kanskje kan dette vera eit godt høve til å justera den vante kursen gjennom leia. Det er ikkje tvil om at kystlagsrørsla har utfordringar med å sikra god nyrekruttering. Kanskje kan det å prøva nokre andre grep enn det vante løna seg. Gjennom samarbeid med andre aktørar (sjølv om me heldt ein meters avstand) kan me få vist fram kva me driv med og lokka nye andlet med i arbeidet. Snakkast på fjorden!

Kjell Magnus Økland
Bladstyrar, Årebladet



Om Årebladet

Utgjevar: Vestland Fylkeskystlag
www.vfkl.no Opplag: 1000 ex.

Trykte utgåver av Årebladet vert postsendt til alle kystlagsmedlemmer i Vestland fylke.

Bladstyrar: Kjell Magnus Økland
Send bladmat på epost til
post@kystkultur.no

Framsidedfoto: Båtane fekk god nytte av medvinden frå nord anten dei rodde eller sette råsegl. Biletet er knipsa etter runding av Korsneset på veg til Skåtøy i Lysefjorden under DEN STORE ROEN 2020.
Foto: Roy A Nilsen.

Ny pir på Vinnesholmen



Nøgne arbeidsfolk: Geir Atle Abotnes og Hans Tore Snillstveit. Foto: Synnøve Lien, Fusa Lions.

Vinnesholmen Kystlag utvikler Fusa Lions arvet en del midler etter Normann som ønsket at det med ny pir. Her kommer noe skulle komme Vinnesbygda baderampe for handikappede, til gode, og resultatet blir en flott plass på Vinnesholmen. Videre blir det rasteplass, bålpanne og pent når plassen blir ferdig. Dette prosjektet har vi fått til gjennom arv fra vår tidligere støttespiller Normann Skagen som gikk bort i 2008.

Fusa Videregående skole skal lage baderampen, med støtte og kompetanse fra Bergen og Om-

Boknytt:


Bergens eldste mann — født 16. 02. 1915, debuterer med selvbiografien *Aldri gi opp*.

Kaptein Nils Severin Økland ble født på gården Eikeland i Sveio og vokste opp der. Det var trange kår i mellomkrigstiden og man måtte tidlig ut i arbeid. Sjøen med fiske, fangst og sjøfart var redningen for de fleste unge menn i bygdene her, så også for unge Nils. I 1941 flyktet han sammen med en eldre bror og en fetter til Shetland i en skrøpelig fiske-skøyte. Han gikk i militærtjeneste og utdannet seg til skytter på norske handelsskip. Etter krigen utdannet han seg til sjøkaptein og seilte på en rekke norske skip og i de fleste farvann der våre skip var å finne. Alt dette forteller han om i boken.

Kaptein Nils S. Økland er i dag helt døv blant annet som følge av krigsaktiviteten, men ånds-

frisk og oppegående på alle vis. Han bor alene i eget hus i Fana-bydel i Bergen, men får god støtte av datter som også har hjulpet til med skrivingen og bokutgivelsen.

Største del av manus ble ført i pennen da han var i 80-årene, men ble bare liggende som notater. Med hjelp fra Sveio kystlag fikk han manus trykket og publisert i bokform nå i vår. Boken har vist seg å fenge mange. Storparten av første opplaget på 350 eks. ble solgt på noen uker. I juni fikk vi et nytt opplag på 200 bøker. De kan vi nå tilby interesserte lesere. Prisen er kr. 300 + evt. frakt.



Boken kan bestilles på mobil 470 17 849 / 916 88 234 eller Sveio kystlag på Facebook.



Vinnesholmen: Badestranda ved moloen blir flott.

Foto: Geir Atle Abotnes.

I tillegg har vi i år fått overta to gode båter, en færing og en strandebarm i tillegg til vår gamle Oselver. Vi gleder oss allerede til sommeren.

Roger Hoel
Formann
Vinnesholmen Kystlag



Litt om Oselvarens lette, mjuke skrog

Berit Osmundsen er fagleg leiar ved Oselvarverkstaden. For tida byggjer ho på ein åttring ved Hordamuseet, som ein del av eit treårig handverkarstipend ved Norsk Handverksinstitutt. Her deler ho nokre tankar om kva som må til for at det skal bli ein god båt.

For at båtane skal bli lette, mjuke og spenstige må tømmeret være av rett kvalitet. Arbeidet med saging og tørking må også være rett utført.

Furua til båtboard skal være moden, mjuk, fleksibel og seig, ho må ha god spenst. Stamma må være rett og ha lite kvist og trefibrane inni stokken skal være så rette som råd. Det får ikkje være noko sær med spenningar i stokken. Treet må være *godt ut-ala*, det vil sei at stokken har mykje kjerneved og lite yteved, og det er viktig at kjerneveden er av den lettare og mindre feite typen slik at båten ikkje vert tung og stiv. Båtbyggaren må sjå utanpå treet og i trekrona, veksttilhøva på staden, himmelretning, lese ungsbogen, med meir for å vurdere om treet er eigna til båtbygging. Temperatur og årstid har også stor innverknad på kvaliteten til dei ferdige materialane. Treet skal fellast på frost, helst i januar/februar då treet har minst næring i stamma.

På saga er det svært viktig at stokken blir saga etter margsprekka. Alle tre har ei svakheit gjennom margen og ut på kvar side. Denne openinga i stokken gjer stamma meir bøyeleg og tar opp i seg



dei ulike spenningane i stokken. Denne svakheita i stamma må sagast vekk då stokken blir til båtboard slik at ikkje båtboarda har denne svakheita i seg. Om trea ikkje hadde margsprekk ville stamma måtte ta ut spenningar, trykk og strekk på anna måte. Dei ville då truleg spreke opp frå utsida og innover i stokken.

Emne til band og betar (innved) må sjølvstakt også ha rett kvalitet. Her nyttast både rotemne og greinemne. Emna skal være vakse i passe fasong og ha minst mogleg spenningar i veden. Her er det litt andre teikn å sjå etter for å finne det gode emna

Etter at trea er vurdert og emna henta frå skogen og saga og tørka på beste vis, kan bygginga ta til.

Eit av dei viktige prinsippa i bygging av Oselvar er at det skal være litt stivare materiale framme i båten enn bak. Båten skal med andre ord være lausare i bakskuten enn i framskuten. Dette er viktig fordi båten skal ta imot belastningar framme og sleppe dei laus bak. Emna som bygger opp skroget skal jobbe saman for å oppnå dette. Framborda skal ha litt stivare kvalitet enn bakborda. Esingane (ligg på øverste kanten på inn-sida av øverste bordgangen) skal ligge med rotenden fram i båten. Dette fordi rotved er stivare enn toppved. Om skroget ikkje klarar å føre kreftane bakover og ut, vil dei stoppe ein plass i skroget og her vil båten etter kvart gå sund.





viktig at beten ligg godt på bandet, men er felt (tilpassa) laus til børeboardet. Deretter skal leisten være felt stramt på øvste delen av børeboardet der det får støtte av sua til ripeboardet. Dette viset å felle innved aukar haldbarheiten til børeboardet, fordalar kreftene og hindrar at børeboardet sprekk opp i punktet der beten landar i boardet.

Dette er prinsipp å jobbe utifrå som gjer det mogleg å bygge lette, mjuke og tålige båtar. Dette er sjølsagt berre nokre få, konkrete eksempel. Men eg håpar tankesettet kjem fram gjennom eksempla. Kvar enkelt del har fleire oppgåver å fylle. Om kvar del er laga/tilpassa riktig og tar sin del av jobben, vert delane til ein sterk og tålig heilskap, sjølv om kvar enkelt del er for smekker til å klare jobben aleine.

Tekst & foto:
Berit Osmundsen

Styrken i det mjuke og fleksible skroget er at kreftane som påverkar båten blir tatt opp, fordelt og slept laus.

God kontakt mellom esing og rong gjer at belastningar både framifrå og frå siden blir fordelt til begge sider av skroget. Når båten er lausare/mjukare bakover er det den veien kreftene vil gå og til slept ut gjennom bakskuten.

For at skroget skal tole rørsle-

ne må tilpassingane mellom dei ulike delane båten er bygd opp av være gjennomtenkt. Nokre plassar skal det tilpassast stramt, andre plassar må det tilpassast laust. Eit døme på dette er tilpassinga av beten (tverrskips avstiving/kraftoverføring). På bildet over er det eit underband som kjem opp frå venstre hjørne, bandet stoppar i beten som er satt saman med ein leist som går oppover ripeboardet. Her er det





Seil og smie i fokus i Sandviken

Det er stor aktivitet i Sandviken kystlag for tiden.

I høstferien mottok vi en eldre Bjøru/Seglloftet. I disse dager Osolver med spririgg fra behandles båten av våre med-Fauskanger på Askøy. Seilene lemmer, og vi planlegger økt er ca. ti år og laget av Frode seilaktivitet på nyåret.

Vi har fremdeles fire sjøsatte robåter som brukes aktivt, samt en nordlandsbåt med råseil.

Mange studenter har funnet veien til Kystkultursenteret, og har fått liv i smien igjen.

Onsdagskvelder framover blir det både ild i gruen, repslagning, fletting av fender, og prambygging.

De som ønsker kan ta turen innom for å se hva vi driver med.

Hilsen
Aina Matre
Sandviken Kystlag



Romsamarknaden

Romsa er ei øy som ligger der fjordene møtes og har vært et naturlig midtpunkt mellom Ølen, Etne, Bjoa, Fjellberg og Stord.

Her har det vært folk og handel siden tidenes morgen. Etter å ha tilbrakt noen somre på Haukelandstunet, og kanskje blitt litt inspirert av markedet i Farnen, fikk vi ideen om å starte Romsamarknaden.

Vi ønsket å få liv i tunet samt å engasjere de besøkende på en litt annen måte enn å «bare servere vafler og kaffe». Tankene fikk fritt spillerom og kreativiteten var på topp sommeren 2019. Flere boder blei laga, kunstnere ble inviterte, medlemmer og lokalbedrifter blei kontakta.

Dette endte opp i den første Romsamarknaden som gikk av stabelen sommeren 2019. Her fikk en muligheter for blant annet gambling med hjemmelaga terninger, lykkeboder, skyting med pil og bue, og med pistol. Du kunne lage egne smykker og armbånd, og det var også mulighet for å nyte flotte foto i utstillingsområdet. Gjerne med en kakebit og kaffe til, eller pølser og brus til ungene.

Dette ble videreført i 2020, men da kraftig redusert i henhold til Pandemien som vi er midt i. Håpet er jo at dette kan bli en tradisjon som



utvikler seg med årene og at flere aktører melder sin interesse for utstilling, salg og besøk. Drømmen er å kunne gjennomføre dette med alle utstillere kledd etter «kleskode 1900 tallet □». Dette ville jo passet fint inn med historien om Romsa og dets innbyggere, samt fortellingene du får som besøkende, om livet her på gården.

Arrangementet har vært en positiv erfaring, og tilbakemeldinger fra deltagere og besøkende har vært fantastisk positive. Dette er noe vi ønsker å komme tilbake til neste år er gjengangeren. Det ble gitt mye oppmerksomhet rundt at en faktisk kommer

opp på et gammelt tun som lever. Her virrer det rundt både voksne, unger, sauer og hunder. Alle holder på med sitt, noen sitter og vever ull og andre sitter og spikker på piner, tester hjemmelagede buer, steker vafler og koker kaffe. I det gamle eldhuset er det alltid fyr i den gamle grua, og lukta av bål siver ut på tunet gjennom pipa. Omvisningen på tunet og i det gamle huset, hvor det også bor folk, er med på å ta deg tilbake til en svunnen tid som du kanskje bare finner her? Disse aktivitetene er det også mulig å delta på i dagene som leder opp til Romsamarknaden.



Romsa, og kan kjøpes i banken, vinnes i ruletten eller ved en av lykkebodene. Romsa-

Romsamarknaden har også egen bank med egen valuta under Romsamarknaden. Romsa bodene. -krona finnes bare her på Hauke-

kronene kan også tjenes med å melde seg som frivillig i en av Ja, Romsa og landstunet

med sine sommar-innbyggere er en så spesiell plass at det til og med vokser et slikkepinnetre her. Dette treet blomstrer kun to dager i året, så da ser vi deg vel neste år?

Helsing

Ante Salte Andersen

Vertskap i Haukelandstunet

Fylkeskystlaget søker arrangør for årsmøtet 2021

Årsmøtet plar gå av stabelen ein laurdag i februar. Det er ynskjeleg med møtelokale med storskjerm/lerret og kapasitet til om lag 30-40 personar. Vidare er det fint om det er høve til matservering og gjerne omvisning i kystkulturelle omgjevnader. Program og innhald vert lagt opp i lag med styret til fylkes-kystlaget. Ta kontakt med styreleiar Thomas Johnson.

Fylkeskystlaget søker arrangør til DEN STORE ROEN 2021

DEN STORE ROEN er ein årleg familievenleg rotur som vert arrangert sumarstid av eit lokalt kystlag i samarbeid med fylkes-kystlaget. Er kystlaget ditt ein aktuell arrangørkandidat?

Ta kontakt med Kjell Magnus Økland.



Vestland
FYLKESKYSTLAG

Familedag i Keipane Kystlag

Endelig fikk vi arrangere familiedagen med fiskekonkurranse under koronakrisen. På forhånd ble det mye snakk om avlysninger og utsettelse før vi endelig kunne se en mulighet til



og prøve å få det til. Vi arrangerte alt ute, merket og målte opp med fjøler og piler, slik at alt skulle være koronasikkert. Selvsagt rikelig med utvortes sprit. Vi var imponert over hvor flinke folk er til å forholde seg til dette. Vi har bare fått positive tilbakemeldinger fra de fremmøtte. «Et fantastisk flott arrangement». Er glad at det endelig skjedde noe i vågen» var noen av superlativene som ble sagt.



Vel, de som kjenner meg, vet at jeg liker Multitasking. Så når vi først var i gang med massiv dugnad putter vi like godt to arrangementer til inn på samme dag. Fisketur og inkluderingstur for innvandrere og fisketur for funksjonshemmede. Vi leide inn to flotte skøyter, Båregutt og Claus Aas. Alle deltakerne om bord i skøyter var selvsagt også med fiskekonkurransene.

Inne på land hadde vi rigget opp den store fiske/småbåt - dammen, kafe, dart og husflidutsalg. De fremmøtte kunne også låne kajaker og kanoer.

Ja, det er mye arbeid med å arrangere slike store arrangementer, men når en ser hvilken glede det gir er all jobben glemt. Takker alle i Keipane kystlag som har bidratt. Men det er en person i Sæbøvågen jeg vil gi en ekstra gest, Øystein Marås. Han har i alle år vært stor sponsor av fiskekonkurransen. Hvert eneste år gir han rause pengebeløp til premiebordet. Han stiller også opp med hele sin store familien. Tusen takk.

Hilsen
Evy Dame
Keipane Kystlag



Årer for Austevoll



Denne saka byrjar faktisk sommaren 2018. Leiinga for Kystsogehelga i Bekkjarvik er i beite for ein seksæring og årer til den tradisjonsrike rokkonkurransen mellom bygdene. Selbjørnsdamene har gjort det skarpt fleire år på rad og mange lag har meldt seg i håp om å tukte dei rotekniske damene. Også bamsane i brannkorpset har kasta seg på tren- den. Det skal køyrast to klas- sar – herrar og damer. Men vinnarbåten frå kvar klasse møtest til eit siste løp. For å sikre rimeleg jamne tilhøve, skal alle konkurrere i dei same to seksæringane på omgang.

Og det er her årekurset ei- gentleg byrjar... ein av båtane vart lånt frå kystlaget. Årene i båten fekk hardkøyr av rolaga allereie i den frivillige tre- ningsperioden i vekene fram- for konkurransedagen. Det rauk både årer og kjeip under treninga. På sjølv konkurran- sedagen, måtte kystlaget gå på leiting i årelageret etter fleire årer. Og då gutta i brannkor- pets kom halvveges gjennom finalerunden sin mot damene frå Selbjørn, rauk den siste erstatningsåra vi hadde greidd å finna i Austevoll. Brann- korpset tapte rokonkurransen mot damene, og kystlaget sto

att med ein relativt stort man- ko på årer.

Åreproblemet vart drøfta på det neste styremøtet og det var semje om at vi måtte lage årer. Men kunne løysinga på åreproblemet brukes til meir enn berre å skaffe årer? Kun- ne det brukast til å gjere noko samfunnsteneleg, noko som ville skaffa litt merksemd lo- kalt? Kort sagt, kunne årela- ginga verte til noko som trakk til oss nye medlemmar?

Kystlaget har halde taukurs kvart år i ei rekke år som midtvintersaktivitet. Mange har vore innom og knytt fine matter og fendrer saman med oss. Det var kanskje på tida å gjera noko nytt. Styret landa på at laget kunne byte ut tauk- urs eit år og tilby eit årekurs. Mange har nemd for oss at dei har båt men manglar årer. Kanskje vi kunne få nokre av desse på fjorden om dei fekk vera med å lage eigne årer.



Vi er heldig stilt i Austevoll kystlag ved at vi ha ein båt- byggjar med i laget. Men han har lagt seg til vanen å dra på Lofotfiske kvar vinter og ville kanskje ikkje vera tilgjenge- leg. Då var det godt at fleire i styret har bygd færingar sjølv og har både teikningar, utsty- ret og erfaring med åre- making. Vestlandsårer skulle det verta, med eller utan båt- byggjaren vår. Og då vi ende- leg kom fram til årekurset, viste det seg å vera ein god



Horgen sagbruk, resulterte i lovnaden om at han skulle vera på utkikk etter høvelege emne til årer når han tok ut tømmer vinteren 2019. Vi vart samde om at emner til 15-20 par årer var målet. Emnene måtte vera minst 4 meter lange, rette og mest mogleg utan kvist og greiner. Vi ønskte å få dei sorterte parvis frå same tre. Akkurat det viste seg å vera vanskeleg å få til, då emna vart blanda under flytting og stabling fleire gongar.

plan. Det blei Lofotfiske på båtbyggjaren, og ansvaret på årekurset falt på oss i styret.

Skulle vi laga årer, måtte vi ha noko å laga dei av. Skog er kanskje ikkje det dei fleste forbind med Austevoll. Men her er det både skog, skogbruk og eit fortrefteleg sagbruk med ein eigar som plar vera innstilt på å hjelpa. Ein kjapp prat med eigaren av

Trea vart felte og sagde til åremner vinteren 2019. Lagsmedlemmar flytta emna med bil frå sagbruket til Vinnesvågen og vidare med ATV til lagshuset Møllo i Vinnesvågen der dei kunne lagrast til tørking. Horgen sagbruk leverte godt fleire enn 20 par emne, og ein første sortering av dei blei gjort under stablinga på Møllo. Det var mykje bra... og ein del som ikkje ville eigne seg til færingårer. Men det var meir enn nok å velja i, og det lova bra for kurset vårt.

Materiala var i hus. Den neste oppgåva å løyse var lokale til kurset med plass til 10-12 benkar og bord og ei kraftig bandsag. Styret vurderte Møllo som ueigna til å hyse så mange kursdeltakarar samtidig. Dei lokale skulane kunne kanskje brukast, men då ville det vera eit problem med sambruk, rydding og lagring mellom øktene. Då fekk vi nyss om at lagerbygning bak Hengjo i Bekkjarvik var rydda ut i påvente av ut-



bygging av eit konsertlokale tilknytt museet som tek form der, og det var eit ypperlig lokale til årekurset. Der var det plass til oss og det var ikkje i bruk av andre for tida, og der var det innlagt 3-faset straum og ein sikringsboks med mange uttak. Inge Halstensen var positiv som vanleg då vi spurte om å låne lagerbygning. Han likar at ting skjer. Kurslokalet var i boks.



Vi fekk òg greie på at bandsaga vi brukte til båtbyggingsprosjektet for 10 år sidan, stod ubrukt under ein presenning på kaia ved naustet vi bygde færingane våre i. Eigaren hadde ingenting imot å gje oss lov å pusse opp saga og ta den i bruk. Faktisk endte det med at han donerte saga til kystlaget. Ho er eit svært monster av ei støypejernssag som opprinneleg var i drift på Aker Stord for mange år sidan. Vekta er det ingen som veit, men det var godt å ha tilgang



til ein kraftig traktor med pallegaffel når saga skulle fraktast tvers over kommunen. Nokre dagar med vøling var naudsynt før ho var klår.

Kurset vart ymta fram på om ei rekkje gongar utover 2019. Vi fekk fleire henvendingar om starttidspunkt og opning av påmelding. Vi håpa i det lengste at båtbyggjaren vår skulle koma heim frå Lofoten og venta lengje med å fastsetja datoen for kurset av den grunn. Men kurset vart lyst ut jan/feb 2020 for påmelding. Vi hadde kontroll på det meste då, bortsett frå at Covid19 og hadde meldt interesse for Noreg om lag samtidig. Det vart etter kvart eit kappløp mellom oss og smitten om kven som skulle styre løpet vidare.

I dagane framfor første kurskveld 13.mars, flytta vi åreemna frå Møllo med båt til kurs-

lokalet på kaia i Bekkjarvik. Kursoppstart på fredag vart set til eit høveleg tidspunkt etter vanleg arbeidstid. I den opprinneleg planen var kurset lagt opp å gå på fredagskveld og laurdag på to påfølgjande helger. Ein del av dei som hadde meldt interesse for å lage årer, uteblei. Koronasjukdommen hadde byrja å gjera seg gjeldande. Men vi vart 8 påmelde m/instruktøren, og 7 som deltok første kvelden. Laurdagen var vi fulltallig. De første kursdagane gjekk med til sortering, val av emne og barking. Saga viste seg å trenge nytt blad, so laurdag vart køyrd i handverkstradisjon med øks og handsag etter oppmerking. Vi stoppa opp fleire gongar og snakka gjennom dei vurderingane som må til for å skapa sterke og spenstige årer. Då kom teikningane godt til rette, og deltakarane fekk kvar si kopi.

Utover den komande veka vart det tydeleg at Covid19 ville styre løpet. Planane måtte leggjast om og talet på deltakarane måtte justerast slik at vi ikkje skulle utfordra smittevernsreglane som vart innførde i landet. Særleg var avgrensingane til gruppestorleik og avstandsreglane noko vi måtte ta omsyn til. Kurset vart utsett i påvente av avklåringane vi trengte.

I mellomtida fekk vi laga og installert nytt blad til bandsaga. Den 3.april hadde vi kontroll på deltakarane og dei so-

siale avstandsreglane og kunne ta til att. Dei lokale deltakarane fekk kurslokalet for seg sjølv fredag kvelden, då reglane mot overnatting i ein annan kommune forhindra deltakarane utanfrå Austevoll å delta. Dei kom på laurdag. Nokre av deltakarane fekk ferdiggjort årene sine i løpet av 4.april. Dei andre kom langt nok i produksjonen til at avsluttingsarbeidet kunne gjennomførast heime. Og årene vart riktig fine, med vekt og spenst som ei vestlandsåre

skal ha. Til trass for vanskene Covid19 skapte, fekk vi to kjekke helger i lag med folk som trivst med høvel i neven og spon i håret. Kystlaget vårt fekk fylt på med 3 par årer til eige bruk, og 5 andre fekk med seg årer til eigen båt.

Då kan vi seie oss rusta til neste dyst mellom brannmennene i Austevoll og Selbjørnsdamene.

Helsing
Thomas Johnson
Austevoll Kystlag



Rapport frå skrotnissane i Opsangervågen kystlag



anlegget var teke ut tidlegare ved Birkeland Slip og Båtbyggeri, Karmøy. Motoren er litt av ein malmklump. Indikatoren på kranbilen viste 8 tonn då vi tok han ut.

I november for M/K «Vaarsol» til Birkeland Slip og Båtbyggeri på Karmøy. Her skal dekket restaurerast. Ein god del av planken til arbeidet er skoren og ligg til tork.

Ved Birkeland Slip og Båtbyggeri har «Vaarsol» selskap av P/F «Dokken», den siste attverande ferja som trafikkerte Puddefjorden i Bergen. «Dokken» blei bygd ved Gravdal Skipsbyggeri og Trelastforretning, Opsanger, i 1938. Den er såleis av interesse for Opsangervågen Kystlag, sjølv om det er eit stort prosjekt. Skjering av plank til restaureringa er i gang.


Begge desse prosjekta er delfinansiert med tilskot frå Vestland fylkeskommune.

Vi nytta også hausten til å ta på land fleire lagsbåtar som låg på sjøen. Det er ikkje plass til desse i lagshuset, så dei skal få tak over seg ute.

Vi startar den ufullstendige rapporten vår med besøk til Skutefest i Rosendal og dåpen av «Gurine» i august 2019. Vi gjorde turen med S/K «Strandlandet», medlemsbåt i laget. I Rosendal vart vi godt mottekne og hadde to kjekke døger med god underhaldning, kjekke føredrag og mykje trivelege folk. På heimturen la vi turen om Halsnøy og ei overnatting på sida av den gamle krigaren «Bjørn-West», ex «Tyr».

For ei tid sidan fekk vi hand om T/B «Lars» av Ålesund. I den stod det ein tosylindra Finnøy semidiesel. Ved hjelp av kran-

bil vart motoren teken ut og plassert på allereie støyppt plating på lagsområdet. Propell-





Laget har fått to gamle Oselvarar. Plassproblemet for dei blei løyst ved å byggja ein hems oppunder taket i lagshuset, kalla «Kvileloft for Oselvarar». Her er plass til fleire, det er berre å forlengja loftet.

På ein hems under taket på andre sida av huset er det funne plass til fem småbåtar av ymse slag.

Laget har av Studieforbundet fått godkjent kurs i reparasjon og vedlikehald av båtmotorar. Kurset blir drive av lagsmedlemmer i Åkra. P. g. a. koronavirus blei kurset sett på vent. Laget har fått ein motorbåt i Åkra. Medlemmene der sørgjer for å setja den i stand.

Arbeidsplanen for 2020 inneheld mange gode oppgåver. Det er ingen grunn til å gå og kjeda seg dette året heller.

For laget

Halvard Hammerø

20. april 2020



Soga om M/K *Sjøgutt*



Båten er opprinnelig en Hardangerkutter bygget i 1921 i Mauranger i Kvinnherad. Motor 8 HK *Stabil*. Første kjente navn og fiskeriregistrering er *Symra* R-111-H (Haugesund) i 1931. I 1945 fikk kutteren navnet *Sjøgutt* med fiskerinummer H-131-M (Bømlo).

Hallerakerfamilien på Bømlo kjøpte *Sjøgutt* i 1948 og brukte den til fjord- og kystfiske. Fartøyet ble etter hvert for lite og var blitt i dårlig stand, det ble derfor dradd opp på en strand og meldt inn som kondemnert. Men historien slutter likevel ikke her.

Etter 2. verdenskrig var det restriksjoner på nybygg, men tillatt å reparere eksisterende farkoster. Den gamle *Sjøgutt*

ble derfor i 1953 dradd opp på en såpeslipp hos Ådnanes Tre-skipsbyggeri for reparasjon. Lokale materialer ble brukt og tre mann stod for arbeidet.

I 1954 var nye *Sjøgutt*, den som eksisterer i dag, ferdig gjenoppbygd til et tjenlig fartøy med harmoniske linjer, og kunne laste 50 hl sild mer enn den gamle. Det ble samtidig satt inn en brukt 24 HK *Rapp* semi-diesel fra 1940. Kun botnen og en del spant var igjen av den gamle kutteren.

Bruken på Bømlo var sildefiske, pigghåfiske, og følger på brisling og størjefiske. På 1970-tallet ble *Rapp'en* byttet ut med en brukt 20 HK *Rubb* motor med motornr 4095, og stål-master og jernkjøl kom på.

Denne motoren stod først i H-127-B *Steinsøy*, 43 fot og bygget på Halsnøy i 1943. I 1946 ble *Steinsøy* kjøpt av Johannes Steinsvåg hvor motoren ble satt inn. I 1958 ble *Steinsøy* forlenget til 49,7 fot ved Ådnanes Slipp. *Steinsøy* ble kondemnert i ca 1972 og motoren satt inn i *Sjøgutt*.

I 1978 ble *Sjøgutt* solgt fra Bømlo og H-375 ble slettet i fiskeriregisteret. Etter en periode som fritidsfiskebåt ble den i 1984 igjen fiskeriregistrert med navnet *Loksnes* SF-27-S (Selje). Bruken var garn, line og rekefiske. Etter noen år som reketråler på Sunnmøre ble fartøyet for siste gang slettet som utgått av fiskeri i 1993, og ble da solgt til Askvoll i Sunnfjord.

Til venstre:

Sjøgutt i Bergen i 2012.

Foto: Trond Hansen.

Til høgre:

Sjøgutt på Ådnanes-slippen 1954. Foto: Tele-mark flyveselskap.

Nedst:

Sjøgutt som følger på brislingfiske ca. 1955. Avfoto-grafert frå A. Engelsen.



I 2004 ble kutteren innkjøpt av nåværende eier, som da var helt uten maritime kunnskaper. Det ble betalt 200 000 kr. for en i følge selger «vedlikeholdsfri» trebåt som var blå og grønnmalt. At den var begynt på siste reis ble ikke opplyst. Her kunne historien også ha sluttet.

Av kystkulturfolk ble eier imidlertid oppfordret til å bevare kutteren, da det er forholdsvis få igjen av denne type kystfiskefartøy i så original stand, og med en fungerende semidieselmotor.



Etter å ha tatt utfordringen og bygget opp et nettverk med *hjelpere* ble kutteren, nå blank i huden og pent *sminket*, presentert på Trebåtfestivalen i Norheimsund i 2005 som M/K Terje, og den fikk pris for fin puss! Senere har fartøyet blitt tildelt en rekke hederspriser.

Etter at fartøyet fikk verne-status i 2008 ble det med hjelp av egne midler, egeninnsats,

samt offentlige og private tilskudd, igangsatt omfattende istandsettings- og restaureringsarbeider. Som et ledd i restaureringen fikk fartøyet i 2012 tilbake sitt gamle navn *Sjøgutt*.

Sjøgutt har vært i bruk i forbindelse med kystkulturarrangementer hver eneste sesong fra 2005, da istandsettingene i hovedsak utføres i vinterhalvåret. For øvrig er *Sjø-*

gutt offentlig tilgjengelig som «utstillingfartøy» i Bergen Kystkultursenter og nyter stor oppmerksomhet.

Sjøgutt er for tiden i Nordheimsund for restaurering. Motoren vil bli tatt ut og overhaldt av Bømlo Kystlag i lokalene til Norsk Veteranlag i Rubbestadneset. Den blir deretter fraktet til Nordheimsund og montert i *Sjøgutt*.



Oppe til venstre: *Rubb'en* etter restaurering i 2015. Foto: Terje Midtun.



Oppe til høyre: *Sjøgutt* på søndagstur på Bømlo ca. 1957. Foto ukjent.

Nedst: *Sjøgutt* som *Loksnes* i 1984 på Barmen, Selje. Fotoeigar: Elin Røyset.



Dramatiske hendinger fortalt/ opplevd av tidligere eiere / mannskap/ nåværende eier:

Sjøgutt reg. som fritidsbåt S-5717 *Simla*, Mikkel Rust, Lærdal: Vinteren 1983 lå kutteren på svai i Lærdal og fraus inne i fjordisen. Sørausten løste opp isen og kutteren før ut fjorden innefrosset i et stort isflak og det var uråd å innhente den, men når mildværet kom kunne større fartøy med ishud få den laus der den lå forlatt inntil et berg. Her kunne også historien slutta.

Sjøgutt reg. som *Loksnes* SF-37-S, Karstein Røyset, Barmen i Selje: Under en søraustlig storm på midten av 80-tallet sleit kutteren seg, uten mannskap om bord, fra den faste fortoyingsplassen ved ferjeleiet på øyen Barmen og før ut Sildegapet mot Stadthavet. Etter en dramatisk redningsaksjon

ved hjelp av større fartøy fikk en sleper om bord og båten blei redda. Her kunne også historien ha slutta.

Sjøgutt reg. som *Loksnes* M-61-VD, Kjell W. Aasen, Ørsta: Under Nyttårsorkanen i 1992 lå kutteren på svai i Ørstavika. Ilesteinen løsna fra botnen og kutteren før av gårde i høy sjø mot land, men fikk igjen feste få meter før den havna i fjæresteinene og ville blitt knust. Her kunne óg historien slutta.

Sjøgutt som *Sjøgutt* 2014, Terje Midtun, Bergen (nåværende eier): Under seilas aleine fra Bergen til Norheimsund for videre istandsetting av kutteren, blåste det opp til nordvest stiv

kuling på Kvinnheradsfjorden, og båten begynte å ta inn sjøvatn i kjølnaten, og på høyde med øya Sild gikk lensepumpene seg tett. Det var uråd å gå til kai, og det var blitt natt, men i le av øya var det mulig å bruke håndlensepumpen, men det hjalp lite og vatnet steg oppover svinghjulstrauet. Redningsskøyta var 3 timer unna og Brannvesenet i Jondal med lenseutstyr var en time unna for egen maskin. Ved hjelp av pøs og håndlensepumpe ble vatnet holdt unna til *Sjøgutt* nådde kaaien i Jondal og fikk hjelp. Her kunne óg historien slutta.

Tekst:
Magnar Skålevik og
båteigar Terje Midttun

Vellukka dåp og kulturminnedag



Det vart ei fin markering av Kulturminnedagen med dåp av Maribåten på Kaupanger sundag 13. september. Kystlaget fortalde om alt arbeidet som ligg bak restaureringa av storbåten *Mari* som skulle døypast. Øyvind Hatlevoll frå Ornes Båtbyggeri som hadde oppdraget med restaureringa av båten, samt kursing med hjelp frå medlemar av kystlaget, heldt eit innlegg om arbeidet og Båtbyggeriet. Dåpen stod Tove Aurdal Hjellnes, nestleiar i Forbundet Kysten, og Vibeke Johnsen, varaordførar i Sogndal kommune for.



Takk til alle som har bidrege økonomisk og fysisk for at restaureringa er fullført.

Alle foto: Elias Foto.
Helsing
Marny Tønnesen
Indre Sogn Kystlag

Været var også med oss på dagen, det starta med solgløtt og blikkstilte fjord, og når talar, dåp, kaffe, kaker og trekkspelmusikk var fordøgd, kom seglvinden inn Amlabukta slik at det vart ein flott prøvetur med den nydøypte båten *Mari*. Om bord var kystlagsmedlemar, varaordførar og nestleiarer med fint driv i bukta.



Ny vind i seilene i Bergen Kystlag



Det var en påkjenning for det frivillige arbeidet og aktiviteten i Bergen Kystlag da laget for noen år siden ble oppsagt i Sandviksbodene. Kystlaget opplevde også en nedgang i aktiviteter og medlemstall – seilene blafret. Men det har alltid vært en sterk kystkulturimpuls i Bergen Kystlag.



Grunnfjellet har hele tiden vært der i form av dedikerte og kunnskapsrike mennesker. De har hatt humør, ambisjoner og framtidstro. Båtene har seilt, det har blitt arbeidet på Storøen og Martins glutenfrie vafler har alltid avsluttet onsdagsaktivitetene.

Etter hvert har kystlaget etablert seg på nytt og trives godt i Elsesro i Ytre Sandviken. Vi samarbeider godt med Gamle Bergen Museum som vi leier lokaler av. I heishuset tilhørende slippen, har vi etter stor dugnadsinnsats med støping av gulv, fått til et rimelig velfungerende verksted. En kveld i uken disponeres 2. etg. i Njørdboden med forsamlingslokale og kjøkken til dugnadsmåltider, kursvirksomhet eller foredrag.

Siste året, og ikke minst I 2020 har vi fått til en god driv i laget. Blant annet ved restaurering og rigging av gavlbåten JOHANNES. Mange nye og tidligere medlemmer finner stor glede i å delta på seilaser onsdagskveldene.

Sammen med Sognejekten, DEN GODE HENSIGT og vengebåten ENIGHEDEN har vi vært opp mot 20 medlemmer ute under seil på Sandviksflaket og Byfjorden. Når det ikke har vært dugnad på land, så har vi seilt de fleste onsdager denne sesongen.

Vi har et hyggelig samarbeid med det frittstående Båtlaget Kystliv i Åstveitvågen, og i august hadde vi seilweekend med overnatting på Båtlagets område i Åstveitvågen. Både denne helgen og onsdags-

Til venstre:

Den Gode Hensigt i godt driv på Sognesjøen under Sunnivaseglasen.

Foto: Rich Lennox.

Til høgre:

Strikkepinnebruk i Njordsboden hindrar naglebit på komande sjøtokt. Foto: Torleif Sørli.

Nede til venstre:

Båtpuss på Storøen utført av Irene Roalkvam. Foto: Torleif G. Sørli.



kvelder har også Båtlaget stilt med Åfjordsfiringen TORRA, slik at 4 relativt store tradisjonsbåter har vært å se utpå sjøen under seil; et mektig syn er tilbakemeldingene.

I tillegg til de nevnte båtene har BK også den lille dampbåten DAMPEN liggende i Elsesro. Denne trenger oppussing, og det arbeidet er godt i gang. Slike små dampdrevne båter finnes kun noen få av i Norge. Vi håper at dampmaskinen kan bli et interessant undervisningsobjekt for skoleungdom.

I tillegg har færøybåten GUD-LATAUSO ligget i havnen. Både fastboende i Elsesro, og tilresiende med BEF'en i sommer har bemerket og uttrykt begeistring over flåten med tradisjonsbåter som nå beriker havnen i Elsesro.

I anledning av 950-årsjubileet for Bergen og 850-årsmarkering siden Sankta Sunniva sine levninger ble flyttet

fra Selja til Bergen og åpning av det nye pilgrimssenteret i Bergen ble Sunnivaseglasen arrangert. Et skrin, som symboliserte hennes relikvier, ble fraktet av kystlagsbåter fra Selje til Bergen og Bergen Kystlag deltok i denne fartøystafetten ved å frakte skrinet med sognejekten DEN GODE HENSIGT, fra Eivindvik til Bergen. Mer om dette på www.sunnivaseglas.no

BK var i høst og hentet ut 3 gamle Oselves, sammen med en del gamle redskaper, fra et naust tilhørende et dødsbo på øyen Kalven utenfor Askøy. Fra tidligere har kystlaget flere Oselves lagret. De beste vil plukkes ut og bidra til at vi får en samling på 4 – 5 småbåter i Elsero. Kanskje også noen på Storøen. Disse blir til fri benyttelse av lagets medlemmer,

og andre som kan være interesserte. Båtene trenger noe oppussing og reparasjon, og det er avtalt med Gamle Bergen Museum at vi skal få gjøre dette i Masteboden i vinter, som et kurs i vedlikehold og reparasjon av småbåter.

I sommer arrangerte vi DEN STORE ROEN i samarbeid med Vestland Fylkeskystlag. Arrangementet gikk over 2 dager med roing på Fana-, Kors- og Lysefjorden. Det ble en stor suksess for de ca. 40 deltagende roere som startet ut fra Hordamuseet.

I hele år har kystlaget bidratt med mye dugnadsarbeid i Elsesro. Vi mener vår tilstedeværelse beriker Museet Gamle Bergen, da vi har en felles interesse i å berike og gjøre Elsesro publikumsvennlig for

besøkende på området. Et levende monument over by- og kystkultur – hånd i hånd.

Slippene i Elsesro går tilbake til 1784. Det er altså lange tradisjoner for kystkultur i Elsesro. BK vil gjerne bidra til å få oppgradert slippene, og at den historiske delen av sjøområdet revitaliseres.

På Storøen i Eidsvåg disponerer BK en av de 4 båthallene. Her vil først og fremst lagets båter være i vinteropplag, med mulighet for medlemmers tradisjonsbåter å få være der når det er ledig plass for restaurering og reparasjon etter avtale. Kystlaget har en leieavtale for 40 år.

BK med Knut Krzywinski i spissen har lagt ned et stort arbeid gjennom mange år for å rydde øyen for småskog og kratt, slik at kulturlandskapet igjen kommer frem. Hensikten har vært å gjøre denne øyperlen mer tilgjengelig for besøkende. Laget har hatt både geiter og sauer på øyen. Vi er nå i dialog med lokale bønder som vil utplassere sauer og lam der til neste år.


Tidligere i år ble jeg på svært kort varsel valgt inn som styreleder i Bergen Kystlag. Men etter at den største overraskelsen har lagt seg, har jeg funnet det inspirerende å lede dette fellesskapet. Mye er tatt tak, og mye gjenstår. Men

med en så flott og engasjert medlemsflokk gleder jeg meg til fortsettelsen.

Onsdagskveldene i Elsesro er en svært viktig møteplass for oss, og vi oppfodrer alle kystlagsvenner i Vestland fylke velkommen.

Stø kurs!

Torleif Garmann Sørli,
Styreleder.



Gavlabåten *Johannes*

Det store vår og sommerprosjektet i Bergen Kystlag har vært reparasjon og rigging av gavlabåten Johannes.

Johannes ble opprinnelig bygget som dykkerbåt for Bergen havnevesen. Byggeår er ukjent. Båten var da utstyrt med en luftpumpe som forsynte en hjelmdykker med luft under anleggsarbeid under vann. Til dette bruket var det ikke behov for hverken motor eller rigg på båten. Etter endt tjeneste, ble *Johannes* stående på land i et lagerskur i mange år. Etter hvert ble båten overtatt av Bergen kystlag, som overdro den til et av medlemmene, Guy Morell. Guy gjorde mye arbeid på båten, blant annet skifting av bord, spant og betes som var dårlige. Han laget også en mast med tanke på å rigge for seiling. Etter hvert kjøpte Anita Andreassen båten av Guy, og videreførte planen om rigging. Bjarne Engen laget en rigg-tegning, og med

Dykkerbåter i arbeid på vestsida av Vågen. Foto: UIB Billedsamling ubb-bros-01114.

**Nede til venstre:
Gavlabåten *Johannes* under segl på Sandviksflaket. Foto: Torleif G. Sørli.**

bakgrunn i denne ble det bestilt nye seil fra Danmark. Da Anita flyttet fra Bergen, ble *Johannes* gitt til Bergen Kystlag. Det var fremdeles mer å gjøre på båten før den var klar for rigging. Rekksummen var dårlig langs hele kjølen og dokken på babord side var dårlig. *Johannes* ble satt på land i båthallen på Storøyen for videre arbeid. Tauverk og beslag til stående rigg, samt ny dokk, ble laget ved Hardanger fartøyvernsenter. Mastebeslag ble laget på dugnad. På denne tiden skjedde det mye annet i Bergen Kystlag, så arbeidet med *Johannes* stanset opp. Båten ble stående på Storøyen i flere år,



før arbeidet fikk en ny opp-sving våren 2020. Nå ble det fart på skraping, maling skifting av knekte nagler og festing av diverse beslag. Tjæreglinsende og nymalt var *Johannes* klar for vann under kjølen da vårsola tittet frem, og ble tauet inn til Elsesro for videre arbeid med rigging. I årenes løp var den dårlige rekksummen gått i glemmeboken, så båten måtte en tur opp på slippen i Elsesro for å spikre opp kjølen på nytt. Da dette var gjort, ble skroget tett og fint. Nå kunne vi endelig ferdigstille riggen. Tauverk til løpende rigg fikk vi i gave fra Norsk Fletteri, og Modalen Sandtak gav oss fin rullestein til ballast. 29. juli var det endelig tid for den etterlengtede jomfruturen. For første gang i sitt lange liv, og etter en restaurasjon som dro ut i flere tiår, gled *Johannes* endelig gjennom vannet for egen fremdrift. Gjennom en aktiv sensommer og høst har *Johannes* vist seg som en

meget kapabel seiler som er lett å håndtere. Den spriseilriggede *Johannes* har blitt et flott tilskudd til de to råseilsbåtene, Enigheden og Den Gode Hensigt. Arbeidet med *Johannes* har også bidratt med mye positiv energi i et år der vi måtte avlyse landsstevnet og mye annen aktivitet.

Hilsen

Anders Schouw

***Enigheden* på Sandviksflaket. Foto: Torleif Sørli.**





DEN STORE ROEN 2020

Vi glei inn på ein våg vi ikkje visste om...

Den tredje utgåva av DEN STORE ROEN gjekk frå innerst i Fanafjorden til innerst Lysefjorden. Vi rodde i tronge farvatn i Grimseidkanalen og i havet rundt Korsneset. Oppdaga nye vikar og holmer, traff nye kjekke folk og stjal oss lystig eit sommarleg sjøbad, denne helga midt i august.

Seksæringssamling

Heile tre nybygde seksæringar vart mobiliserte og bemanna med entusiastiske roarar, alle bygde på midlane som Sparabankstiftinga har fordelt i samarbeid med forbundet Kysten. Denne helga kan ein trygt seie at dess midlane var vel anvendte pengar. Dei nye seksæringane er *Karbon* og *Kvernbit*, eigd av idrettslaget Kvernbit og hardangerseksæringen *Fløttmann 1* eigd av Sandviken Kystlag, Norges Fiskerimuseum og Kystkultursenteret i Sandviken. I tillegg mønstra seksæringane *Babben* eigd, av Hordamuseet og Færøy-seksæringen *Gudlaugtause*, eigd av Bergen kystlag.

Unge og erfarne

Dei om lag 40 roarane fordelte seg på 17 båtar, og la i veg frå Hordamuseet mot Grimseidkanalen. Farten ut frå start var god, kanskje fordi det var unge og sterke roarar i fleire av båtane. Den «yngste båten» vart rodd av tre gutar, to på 14 og ein på 16 år. I feltet var det også mange unge vaksne, både karfolk og kvinnfolk. Men sant skal seiast, i roing er det gjerne dei gamle som er eldst. Så det er ikkje lett å seie kva som fekk fart på årane. Den einaste motorfæringen i feltet, *Jon og Lars*, kom for motor (JAP modell 3) sist ut frå start, til første oppsamlingsplass på fjorden.

Naturen

Grimseidkanalen tek omgrepet indre farlei til nye høgder. Ein ror i smale passasjer, under låge bruer, i sterke straumer. Tidevasstraumen går samstundes inn og ut av kanalen i både endar. Ein får difor alltid både motstraum og medstraum når ein ror igjennom. I kanalen er det fleire kulturminne, mellom

anna eit drageide og ein gamal østerspoll. Ved innløpet i Fanafjorden ror ein langs Arboretet. Vi stansa midt i for ein felles oppleving av fellesskap, båtar og fotografering i regi av Vardeangen film. Så rodde vi til Hjellevstad for å ta ein is.

Is på Hjellevstad

Målet var butikken på Hjellevstad kai, der ferga går til Bjelkarøyne, Lerøyne og Klokkarvik. Vi fekk oss ein is, samt tilskodarplass til NM i vasskutter. Kontrasten var tydeleg mellom oss stillfarne roarar og vasskutarlevenet, men slik kan det også vere på sjødn. Det er lenge sidan notlaget på Hjellevstad vart lagt ned i 1932, og båten deira står no utstilt på Hordamuseet. Hjellevstad er blitt eit senter for det moderne båtfolket og sentral marina langs bergensleia.

26 grader og medvind

Målet for laurdagen var Skotøyne i Lysefjorden. Då måtte roarane rundt det ubebygde Korsneset, eit ope stykke med



Over: Under DEN STORE ROEN glir båtane gjennom smale sund og inn i nye naturrom.

Foto: Roy A Nilsen.

Venstre: Strandhogg i Lysevågen på Lysøy. Foto: Kjell Magnus Økland.

Nedst: Grilling, bading, skravling, humring, teltting og soving på Skåtøy.

sterk straum, vind og skvalpesjø. Eigentleg er dette eit farleg stykkje å ro, og ein bør vurdere nøye om turen lar seg gjere. Vi hadde godt ver, medvind og fylgjebåtar. Likevel vart rundinga tung for nokre av deltakarane og det vart spreing i feltet. Vi så korleis tilhøva skil på båtane, nåe det er ulike båtar og ulike folk med ulik røynsle i båtane. Det er ikkje lett å manøvrera ein robåt når vinden tek tak i bakstevnen og ein dreier på tvers i skvalpesjødn. Alle båtane kom likevel

velberga rundt Korsneset og fekk ein velfortent pause ved militærkaaien ved Krokaholmen på sørsida av Korsneset

Skotøyna

DEN STORE ROEN var invitert av tidlegare styreformann i Oselvarverkstaden, Norvald Skåtøy, til å overnatte i telt på Skotøyna. Vi sikta oss inn på fjordkryssinga mellom to ferger på strekninga Korsneset-Hufthamar, og kryssa fjorden i flott og samla stil. Skotøyne vart eit lukketreff, og vi glei inn på ei vår vi ikkje visste om! Her fekk vi ei lun havn og tilrettelagde bålplassar. Norvald gav

oss ei omvising på øya, som familiens hans har ått i fleire generasjonar. Folket bada, grilla og åt, samtala og overnatta i telt og hengjekøyer. Det er fint å vakna i ei hengjekøye med utsikt over Lysefjorden og Korsfjorden.

Sundag

Om morgonen var det mannskapsbyte på nokre av båtane. Magnar Nyhammaer henta nye roarar på Krokeide fergekai med fylgjebåtan. Nye krefter tok tak i årane og nye venlege andlet dukka opp i feltet.





Lysøen

Sundagen rodde vi gjennom Skotøysundet og langs Drange, eit område fullstappa av båtbyggjarhistorie. Vi kom til Lysøyvågen, og folket fekk gjere litt som dei ville; bade eller ta ein tur langs dei fine stiane på Lysøen.

Båtbyggjing

I Søvika fortalde Rune Søvik om båtbyggjinga i verkstaden gjennom over 50 år. Rune har sjølv reparert over 1000 båtar.

Sundagsmiddag

Sundagsmiddagen vart inntatt klokka 17 på Ole Bull kafe sin Buffe. Eit særst godt tilbod til sjøfarande, særleg roarar med tomme mager og solbrende skuldre og naser. Det var noko for einkvar smak, kan ein trygt seia.

Heimatt

Årets DEN STORE ROEN var altso ikkje ei rundreise. Det var difor lagt opp til opptrekk med hengar og slep attende til Fana-fjorden og byen. Det skal også

seiest at nokon faktisk rodde og sigla sjølv attende til Hordamuseet.

Filmen

Vardetangen Film og Kystkultur.no har laga ein flott film frå DSR 2020, som du finn på Youtubekanalane til Kystkultur.no

Takk for turen!

Helsing

Per Otto Svendsby

Bergen Kystlag /

Vestland fylkeskystlag



Øvst: Krokaholmen, Korsneset. Foto: Roy A Nilsen.

Venstre: Tofta som stupetårn. Foto: Roy A Nilsen.

Nedst: Thomas Johnson overvakar avgangen frå Hordamuseet. Foto: Torleif Garmann Sørli.





Fylkesvaraordfører Natalia Golis døyper seksæringen Carbon på 17. mai.
Foto: Kjell Magnus Økland.



Båtdåp for nybygg

Med Forbundet Kysten og Sparebankstiftelsen DNB si breddegåve vart det skaffa finansiering til fire nybygg i Hordaland. Våren 2020 var desse leveringsklare og Kvernbit IL sine to Oselvar-seksæringar vart døypte på Vågen i Bergen med Forbundet Kystens ungdomsrådgjevar Mathilde Gabrielsen Vikene og fylkesvaraordfører Natalia Golis som gudmødre. Sandviken Kystlag, Norges Fiskerimuseum og Bergen Kystkultursenter og sin Hardanger-seksæring vart døypt 28. mai med ordførar Marte Mjøs Persen som gudmor. Den fjerde båten, ein firborda færing bygd ved Oselvar-verkstaden vart levert til Askøy kystlag i juni.

Camp Oselvar for ungdom

Frå 13. juli-16. juli gjekk Camp Oselvar av stabelen på Hordamuseet ved Fanafjorden. 13 deltakarar i alderen 15-25 år frå ulike delar av Norge og Danmark møttest for å læra seg å segla Oselvar. Det vart segla med både råsegl og sprisegl i færingar og seksæringar. Deltakarane budde i telt og Tøsdalsløa vart nytta som base for landaktivitetane. Deltakarane fekk omvisning i Båthallen, møtt båtbyggjar Berit Osmundsen og rodde rundt Hjellestad/Milde-halvøya. Arrangørar var Fanafjorden Tradisjonssegling, Forbundet Kysten/UNG og Kystkultur.no

Det store landsstemne-ausekaret vart brukt under båtdåpen.

Foto: Kjell Magnus Økland

I Youtube-vindauget på Kystkultur.no kan du sjå filmar frå båe desse hendingane.

Ola Vogstad Vatn er nøgd med livet på Camp Oselvar.

Foto: Kjell Magnus Økland.





I august og september vart det gjennomført Sunnivaseglas frå Selja kloster til Bergen.

Seglasen var ei markering av at det i år var 850 år sidan levningane til Sta. Sunniva vart flytta i eit skrin frå Selja kloster

til Bergen, noko som høvde godt med at Bergen feira sitt 950-årsjubileum. Ved at skrinet kom til Kristkyrkja i Bergen vart byen ein valfartstad for pilgrimar, og byen sin prestisje og stilling vart styrka. Under Sunnivaseglasen vart skrinet transportert av kystlagsbåtar. Fyrste etappe frå Selja til Rugsund tok Kystkulturlaget i Vågsøy sin femkeiping *Hopland* seg av. Andre etappe frå Rugsund til Kalvåg tok Hornelen kystlag sin gavlabåt *Baltanskjer* seg av. Tredje etappe gjekk med Kalvåg kystlag sin notgavel *Nigaren* frå Kalvåg til Kinn. Fjerde etappe tok *Bakkejekta* seg av og veksle i Eivindvik med Bergen Kystlag si sognejekt *Den Gode Hensigt*, som frakta skrinet til Bergen.



Øvst: Skrinet vert lasta om bord i Hopland på Selja.

Venstre: Gavlabåten Baltanskjer frå Hornelen kystlag på Frøysjøen.

Begge foto: Roy A Nilsen.

Underwegs på ferda var det gudstenester og ikkje minst uteundervisning om miljø og bærekraft for ungdomsskular, ved FN-sambandet i Bergen. Kvar natt overnatta Sunniva-skrinet i dei ulike kyrkjene. I tillegg var det lokalt kulturelt program med lokale aktørar og innslag frå Sunniva-seglasen. Med på ferda var fire ungdomspilegrimar: Elisabeth Osdal protestant frå Selje), Dina Øien (protestant frå Florø/Kinn), Victoria Lid (ortodoks frå Os/ Bjørnafjorden) og Sunniva Aadland Høen (katolikk frå Oslo/Selja). I Bergen enda ferda med opninga av Bergen regionale pilegrimssenter. Kystpilegrimsleia er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane og bispedøma langs kysten frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Sunnivaseglasen kom i stand etter initiativ frå Stad kommune, Bjørgvin Bispedøme og Kystkultur.no Sjå www.sunnivaseglas.no for meir info om seglasen.

Oppe: Kalvåg Kystlag sin gavlabåt *Nigaren* under klyver, fokke og gaffelsegl og medbør til Kinn. Foto: Roy A Nilsen

II: Sognejekta *Bakkejekta* har Askvoll og kyrkja der i sikte. Foto: Kjell Magnus Økland

III: Sognejekta *Den Gode Hensigt* og tre seksæringar legg til kais ved Hamre kyrkje nordvest på Osterøy. Foto: Roy A Nilsen

Nede: *Den Gode Hensigt* og vengebåten *Enigheden* passerer Håkonshallen på veg inn Vågen i Bergen. Foto: Kjell Magnus Økland.



Tysnes Kystlag byggjer grindbyggd naust på Årbakka



Grunna Corona-situasjonen har det naturlegvis vore mindre aktivitet i Tysnes Kystlag det siste halvåret grunna pålagte Corona restriksjoner. Tysnes Kystlag har tross dette hatt gåande eit prosjekt med bygging av slipp og naust til laget sine båtar på Årbakka handelsstad. Dette nærmar seg no ferdigstilling.

Naustet er ført opp som tradisjonelt grindabygg og deler av prosjektet har blitt gjennomført som kurs med støtte frå Studieforbundet Kultur og Tradisjon, medan resten har blitt utført som dugnad av lagsmedlemmer. Kurset er omtalt i Årebladet nov-2019.

Det har vore ein fast dugnadsgjeng som har arbeidd jevnt og trutt med naustprosjektet og i skrivande stund gjenstår det legging av dråpeskifer til taktekking.

Øvst: Naustet og slippet er godt tilpassa terrenget.

Helsing
Gunnar
Onarbeim

Midten: Flotte skråband med naturvaksen boge.

Nedst: Det blir bra med plass i naustet.
Alle foto: Rebekka Høgestøl.



Ei samling av kystfolket i nye Vestland fylke?

Denne utgåva av Årebladet vert sendt ut til ei rekkje aktørar i Vestland fylke som driv med kystkulturaktivitetar som samsvarar med formålsparagrafen til Forbundet KYSTEN, men som ikkje har registrert organisasjonen sin som medlem der.

Fylkeskystlaget er ein koordinerende lekk for å formidla informasjon om kva lokallaga driv med. Me gjer ut *Årebladet* som har kome ut med ei til to utgåver kvart år sidan 1992. Frå no av ynskjer me å gje ut eit vårnummer og eit haustnummer. Forbundet Kysten overfører ein prosent av medlemskontingenten frå laga i vårt område til fylkeskystlaget og det er dette som dannar utgangspunktet for fylkeskyst-laget sin økonomi. Der-

som tilsluttande lag vert organisert gjennom Forbundet KYSTEN vil medlemmane i tillegg til 2 nummer av ÅREBLAD motta 5 nummer årleg av Tidsskriftet KYSTEN, altså får ein 7 blad i året for 500 kr. Det er mykje godt stoff for pengane. Vestland Fylkeskystlag kan evt tilby nyttilslutta lag eit kollektivt abonnement på Årebladet for 100 kroner årleg per medlem.

Medlemskap i Forbundet kysten er personleg og kostar kr 500 pr år frå 1.jan 2020 pr medlem. Det er ikkje fleire kostnader, verken for medlemmane eller lokallaga. Tvert imot, lokallag får tilbakeført medlemskontingent som stønad frå forbundet til drift av laget når laget er del av forbundet. Eksisterande lag treng ikkje endra på noko utover å sende kopi av årsmelding og rekneskap til forbundet ein gong pr år.

Medlemmar i Forbundet Kysten

får 5 utgåver av Tidsskriftet Kysten + 2 utgåver av Årebladet + tilgang til seminar, aktivitetar + høve til økonomisk støtte frå forbundet sentralt.

Direkte kollektivt abonnement på Årebladet kan ordnast ved å setja inn 100 kr til fylkeskystlaget sin konto 3520.54.42950 og senda ein epost med namn og adresse til post@kystkultur.no

På fleire frontar samarbeider me med Kystkultur.no. Redaktør for ÅREBLAD er Kjell Magnus Økland, som er dagleg leiar hjå Kystkultur.no. Denne stiftinga er eit samarbeid mellom i skrivande stund 25 kystkommunar frå Sveio i sør til Stadt i nord. Bruk gjerne kystkultur.no for å marknadsføre aktivitetar i din organisasjon. Det er gratis og du får eksponering på mange digitale flater i ditt nærmiljø.

Styret i Vestland Fylkeskystlag

Kveldskurs i båtvøling

Masteboden i Elsero. Kursdagar: 20.1, 27.1, 03.02 og 10.02 (onsdagar), til saman 12 timar.

Pris kr. 1000 pr. deltakar. Lærer båtbygger Stig Salbu Henneman frå Oselvarverkstaden.



Info/påmelding:

Per Otto Svendsby

Tlf 92220895

I august fekk Bergen og Askøy kystlag tilbod frå eit dødsbo på øya Kalven vest for Skråmestø på Askøy. Her kunne entusiastane forsyne seg med mange kystkulturskattar, blant anna dei tre færingane til venstre på biletet. Desse båtane vert sentrale under båtvølingskurset til Bergen etter nyår.

Foto: Per Otto Svendsby.



Kystkultur kan fengja folk i alle aldrar. Her frå Camp Oselvar der alderen på roarane varierte frå 11 til 84 år, med flesteparten i segmentet 15-25 år. Foto: Roy A Nilsen.

Seminar: korleis kan me rekruttera til kystlagsrørsle?

På seminaret vil folk frå både kystlag og andre aktørar fortelja om sine tankar kring rekruttering og peika på grep som bør takast.

Dato: **Laurdag 21. november** kl. 1100-1630

Stad: **Båthallen, Hordamuseet, Stend, Fana i Bergen**

Arr: Vestland Fylkeskystlag, Forbundet Kysten og Kystkultur.no

Innleiarar og tema

- * Velkomst med Kjell Magnus Økland
- * Thomas Johnson, styreleiar i VFKL, *Ambisjonar med Vestland Fylkeskystlag*
- * Tora Bakkemo – rådgjevar friluftsliv/ ungdom i Forbundet Kysten - *Ungdomsleirar i regi av Forbundet Kysten*
- * Elisabeth Skage - styreleiar i Bergen og Hordaland Turlag, *DNT ser mot kysten - kva kan me få til i lag?*
- * Lunsj i kafeen på museet
- * Kjell Magnus Økland - dagleg leiar, Kystkultur.no - *Kan Fellesnaust føra til ein ny vår for kystkulturen?*

* Sveinung Toppe - prosjektleiar marin forsøpling Bergen og Omland Friluftsråd - *Friluftsråd som partner med naturområder og naust*

* Inger Marie Hernes—Hardanger Fartøyvern-senter—*S/J Mathilde som rekrutteringsarena*

* Evy Dame - leiar Keipane Kystlag, *Røynsler med integreringsarbeid i Keipane Kystlag*

* Atle Bergseth - leiar i Kvernbit IL ro og seglgruppe - *Røynsler frå bruk av to nybygde seksæringar i 2020*

* Beinstrekk/ kort omvising i Båthallen/matbit

* Gruppearbeid - *korleis kan min organisasjon arbeida for å få til stabil nyrekruttering? Kva må til for å lukkast?*

* Plenumsdiskusjon og oppsummering - *kva idear har kome fram i løpet av dagen? Vegen vidare? Avslutning ca. 1630.*

Seminar og mat er gratis for deltakarane, men av smittevernssyns må deltakarane **melda seg på** ved å senda ein epost til Tora Bakkemo på tora@kysten.no innan 15. nov. (Ved stor påmelding må seminaret flyttast til annan stad.)

Oppdatert info om seminaret finst på

Kystkultur.no